

Kristenmennesket Fartein Valen

forelesning ved Steinar Ihle

Mitt første møte med Fartein Valen var i desember 1947. Eg var nett komen heim til Haugesund frå studieopphald i Oslo, og fann at pianisten Alexandr Helmann samstundes var komen dit. Han skulle ha konsert i byen. Men han skulle og møta Fartein Valen for første gong. Eg var med i det lokale musikkliv og tok straks kontakt med Helmann. Det vart ordna med tur til Valevåg, og møtet var til stor glede for dei baa.

Helmann hadde Valen på sitt konsertprogram, og komponisten fylgde med til byen for å oppleva dette. Me ville gjerne markera Valen sitt nærver, og eg fekk i oppdrag å halda ein liten tale og gje han blomar. Det sette han tydeleg stor pris på. Så langt eg veit, var dette den første og einaste gong han sto fram for ein stor offentleg forsamling i Haugesund.

I løpet av desse par dagene fekk eg også høve til meir privat å vera i lag med Valen og oppleva han på nært hald. Det gjorde eit djupt inntrykk på meg, så då jula kom, kunne eg ikkje anna enn senda han eit lite brev med takk og godord. Ved årsskiftet kom det hyggeleg brev attende. Der stod det m.a.: *“Gid jeg bare maatte være verdig til Deres ros og tillid.”* Tenk at den store kunstnar kunne skriva slik til ein grøn og ung student kven-som-helst! Sidan gjekk det ein del brev til og frå, og eg møtte han mange gonger – både i Valevåg, Haugesund og Oslo.

I 1987 har eg på nytt vore saman med han. Som aldri tidlegare har eg hatt høve til å lesa Valen-brev! I fleire av breva kjende eg att grunnholdninga og orda som kom til uttrykk i nyårsbrevet til meg den gongen. M.a. i brev til søstera Sigrid i samband med at nokre av venene hans arbeidde for at han skulle få komponistgasje. Her skriv han (februar 1935): *“Jeg føler mig ganske beskjæmmet over saa megen omsorg og kjærlighet.”* Og då han kort tid etter hadde fått staten si kunstnarløn, skreiv han på nytt til Sigrid: *“Jeg takket Gud av hele hjertet og bad om at jeg maatte være verdig til en saadan gave.”* Den same smålåtne og kravlause holdning finn me i eit brev venen og malerinna Agnes Hiorth fekk frå han i 1937: *“Naar jeg tænker paa hvor vidunderlig og ubekymret jeg har kunnet arbeide i disse somre, saa kan jeg ikke takke dig nok, kjære Agnes. Gid jeg en gang maatte vise mig verdig til det.”*

Slik kan berre den skriva som i sitt hjarta eig den uforstyrta takksemd, og som i all si ferd er blotta for albuar. Fartein Valen var slik. Han var, meir enn nokon andre eg veit om, *eit audmjukt menneske*. At han tidleg tok til å læra dette, går fram av eit brev han skreiv til mor si første studiehausten i Kristiania (1906): *“Jo mere jeg arbeider med musiken, des mere ser jeg, hvor lidet jeg kan. Lærer man ikke andet, saa lærer man i det mindste at blive ydmyg.”*

Audmjukskap kan lett forvekslast med vanleg smålåtenskap – ein vik unnselig unna og ber om orsaking fordi ein er til. Valen var ikkje slik. Det kunne kanskje sjå slik ut. Men den nesten sjølvutslettande audmjukskapen hjå han hadde ved sida av seg noko so edelt

og sjeldent som audmjukt sjølvmedvet. Denne sameining av “*selvutslettende ydmykhet*” og “*ydmyk selvbevissthet*” var gjennom alle år den mest samlande og dekkjande eigenskap hjå Valen. Han var liten som Franz av Assissi og standhaftig som Martin Luther. Difor kunne han utan ord – og kan det framleis – fortelja oss kva sann og heil audmjukskap er. Eller for å seia det presist: kva *kristen* audmjukskap er.

Kristen! Det er kristenmennesket Fartein Valen me nå skal møta, og eg vil i første omgang setta ein strek under ordet “kristen.” Det er nemleg den rette nemninga å nytta om han, noko eg i det fylgjande meiner å kunna dokumentera. Eg har ofte observert at Valen gjerne vert omtalt som “religiøs”. Nå i samband med 100-årsjubileet har det på nytt vorte uttalt respektfulle ord om kor djupt religiøs han var.

Men “religiøs”? Kven er ikkje religiøs? Meir eller mindre klårt tyt religiøsiteten inn og ut også hjå mange som erklærer seg ferdige med all religion. “Religiøs” er såleis eit diffust sekkeomgrep som kan innehalda myldrande mangt og mykje. Ingen treng sjenera seg for å bruka eit så glatt og mangetydig ord. Men ved å bruka det om Valen, avprofilerer me han og gjer han tannlaus og ufårleg. Difor skulle eg ynskja at alle som omtalar Valen – då serleg fagfolk som burde tilstreba ein mest mogeleg sakssvarande og presis uttrykksmåte – kunne seia sanninga beint ut: Fartein Valen var ein barneenkel og djup kristen! Dersom me skal koma han inn på livet, er ordet “kristen” nøkkelen me lyt bruka. Det skal me nå oppleve – ikkje først og fremst ved at eg fortel om han, men ved at han sjølv får koma til orde gjennom breva sine. At Valen sjølv reserverte seg mot tåkeordet “religiøs”, skulle gå klårt fram av noko han skreiv til Sigrid i november 1936: “*Nu tales og skrives der saa megen utvandet kristendom, saa det er ingen forskjel længer paa almindelig religiøsitet og kristendom.*”

Hjå Valen var ikkje kristentrua eit trekk i hans vesen, eit innslag mellom mange andre innslag i hans personlegdom. Kristentrua var overskrifta over heile han og alt som hans var. Kristentrua var den raude tråden som vevde seg gjennom heile hans liv som kunstnar og menneske. Fartein Valen var ein integrert og samla og udelt personlegdom der kristentrua gav den referanseramma som alt elles vart opplevd innanfor, erkjent innanfor og praktisert innanfor. Difor er det heilt dekkjande og overmåte meiningsfylt å tala om *kristen*-mennesket Fartein Valen.

Unngår me *kristenmennesket* Fartein Valen, vil me heller ikkje nå fram til *mennesket* Fartein Valen. Og når det er *mennesket* Fartein Valen me møter, då er det *kristenmennesket* Fartein Valen me har med å gjera.

Om kristenmennesket Fartein Valen er det 6 ting eg vil ha sagt:

1.

For det første, så var “kristen” for Fartein Valen noko som ikkje berre reint språkleg, men som også reelt knytte seg til *Kristus*. Kristentru var for han ikkje ei flatbotna og blodfattig Gudfader-tru, som der finst ganske mykje av: Gud er der, og eg er her, og me lever stort sett i fred for kvarandre. Ikkje plagar eg han, og ikkje plager han meg. Nei, ikkje ei slik flatbotna og blodfattig Gudfader-tru! For Valen var *kristen* det å vera knytt til *Kristus*. Trua var ein trygg tillit til Jesus Kristus og det som knytte seg til hans gjerning og ord.

Då eg arbeidde med breva nå tidlegare i år, måtte eg nesten smila av noko eg fann i eit brev til nevøen hans, Olav Valen-Sendstad (litt meir om han sidan). Der fortel Fartein at han nett hadde kjøpt ei italiensk bok om Søren Kierkegaard, italiensk altså, og den var “forbausende god.” Han hadde lest Kierkegaard intenst også i unge år, men nå opplevde han fornya Kierkegaard-interesse. Så skriv han, ikkje at nå han hadde funne noko interessant, elegant formulert, noko artig, djuptenkt eller noko i den retning, men han skriv: “*Det er noe saa uendelig troesstyrkende i Kierkegaards christocentricitet.*” Det var *det* han fann. Det var poenget. Og denne trua si sentrering om Kristus, kjem gripande sterkt til uttrykk i mange av breva, kanskje mest personleg i eit sjelesørgjarsbrev eg fann han hadde skrive til ein kvinneleg elev. Og her kjem me verkeleg den Kristus-grepne Valen tett innpå livet:

Det var saa meget jeg skulde ha sagt Dem den formiddagen vi snakket sammen. Særlig var det om Jesu død og lidelse; skjønt det er ingen ting som det er vanskeligere at snakke om fordi alt i en: fornuften, rettsfølelsen o.s.v. gjør oprør. Men nu da De har oplevet denne utilfredshed med sig selv, som De skriver om, saa tror jeg De vil forstaa det bedre. I det øieblik da man intet har igjen end to tomme hender er stunden kommet til at ta imot gaven: “for ingen penger og ingen betaling” – nemlig at Jesus døde for os og opfyldte alt det vi skulde ha gjort. Det er jo saa umulig og uhyrlig for vaar forstand at tro det, men naar Guds aand faar overtydet oss om det – bare et tiendels sekund – saa vil vi aldrig, aldrig mere tvile paa at det er sandt – men dette tiendels-sekundet forandrer ens hele liv – saligheden er steget ned i vaare hjerter. –

Saa synes De kanskje at jeg er exaltert eller at jeg overdriver. Men som jeg vist fortalte Dem lit av: Jeg har oplevet det altsammen, alt dette uendelige stræv for at bli snild og at det bare blev værre jo mere jeg strevet; og at jeg følte en stor bitterhet mot Gud, at dette skulde være lønnen for mine bønner og “min ærlige streben” som jeg kaldte det. – Det vilde være for langt at fortælle det alt sammen. Men tilslutt maatte jeg erkjende, at jeg slet ikke elsket Kristus, at jeg igrunden helst ikke vilde tale om ham. Jeg maatte sige: Du som vet alt, du vet, at jeg *ikke* elsker dig. Saa opgav jeg det hele. – Og jeg trodde – trodde som den kananeiske kvinde at han kunde hjelpe mig – (men jeg vil aldrig kunne forklare det som skedde –) men jeg forstod at det var virkelig sandt at han er Jesus, Frelser, og at han gjør det helt gratis, uforskyldt, uten penger og betaling, at jeg bare tok imot. Og at jeg kunde komme til ham altid, ogsaa nu i dette øieblikk og faa det samme – ja hver time paa dagen.

Men jeg mener slet ikke at alle bekymringer og anfektelser og fristelser er borte. Tvertimot, men i det øieblik jeg gaar til ham, har de ikke længer den makt som før, og alt det onde i mig kan ikke forstyrre vaart venskap om jeg tør kalde det med et saadant ord, og det er det vidunderlige. Saa blev alt det som er skrevet om ham især hos Johannes og Paulus, saa levende og sandt for mig, ogsaa de steder som tidligere voldte mig slikt anstød. Mange ganger maa jeg nu lese dem om og om igjen av bare glede –

Her er det ikkje ein spekulerande filosof, eller ein funderande fantast som misser den siste bakkekontakt med det folk kallar for “virkeligheten,” som skriv. Men her møter me

eit heilt og udelt menneske som lever i ein eksistensiell og vidopen kontakt med dei glade “facts” frå himmelriket. Her er det verkeleg sant for eit menneske at Kristus er vegen, – at han er døra. For Fartein Valen var det *Kristus* som var nøkkelen inn til alt han elles var som kristen, og som mot slutten av livet hans fekk han til å seia: “*Hadde jeg ikke hatt min kristne tro, hadde jeg ikke holdt ut.*”

Det var Kristus-sentrisiteten.

2.

For det andre: Kristustrua gjorde at Valen kunne leva *trygg og tillitsfull under Guds velsigning*. Ganske visst hadde han alt dette med seg heimanfrå og frå misjonsmiljøet han vaks opp i. Men det var ikkje berre noko han slapt og ureflektert overtok, det var personleg og intenst *sjølvoplevd*. Slik var det for han heilt frå ungdommen. Han skriv såleis til mora den første hausten i Kristiania, november 1906:

Det gjælder først og fremst at have oplevet det selv, alt andet existerer ikke for en. Men ofte blir det saa, at man lever paa andres erfaringer eller meninger; det er den store fare.

Valen var flink å skriva til mor si. I breva han skreiv fra Kristiania denne hausten 1906, like etter at faren var død, gjev han sterke uttrykk for kor langt han var komen i kristen trueserkjenning og oppleving. Han kjende jo alt då på seg at ferda vidare ville verta kronglete og vanskeleg, og han følte seg liten og usikker.

Men jeg vil lægge alt, alle tvil og al uvished i Guds haand som skal hjælpe mig lige saa godt som han hidtil har hjulpet os alle, selv gjennom dødens bitre smerte. Og naar jeg af al magt bruger min flid og de evner Gud har givet mig, – søger at bruge dem ved hans hjælp, saa har han lovet at han vil sørge for os, selv om det skal gaa igjennem savn og lidelse.

Og noko seinare i eit brev:

Det er jo ikke gjennom store sprang men med et skridt dag for dag, vi udvikles for evigheden. Men det er en lære, som er vanskelig at praktisere. I det mindste falder den saare tung for mig, men aldrig kan jeg slippe troen paa at Gud skal hjælpe baade aandelig og timelig. □Troen – det er et mysterium, som jeg aldrig kan udgrunde, lige saalidt som jeg kan sige, jeg véd, hvorfor jeg indaander luften, jeg véd kun, at det er derigjennem jeg lever. Og gjennom troen faar alt en meget større betydning, selv lidelsen.

Seinare var det ofte med søstera Sigrud han delte sine truesopplevingar. Ved slutten av 1936 opplever Valen tunge skyer på verdshimmelen, og han skriv:

Gud alene vet, hvad det nye aar vil bringe. Men det er saa trygt og godt aa vite at vi har Guds herlige forjettelse aa trøste os til, saa ingen indre og ytre fiender kan skade oss, naar vi holder oss til Gud og Lammet.

Den same, i positiv forstand, einfaldige truesforvissninga finn me også i eit brev til nevøen Olav Valen-Sendstad, like etter at krigen var komen til Norge, juni 1940:

Hvor stort det er i den trengselstid vi gjennomlever at vite, at Jesus har vunnet en evig forløsning; saa kan vi glede oss selv under Guds tuktelse og takke og prise ham.

Det er tydeleg at Valen var eit kjenslemenneske, eit stemningsmenneske, det hugsar eg han sa sjølv. Difor hadde han sans for den subjektive sida i kristendommen, truesopplevinga. Men sanneleg hadde han like klår sans for den objektive sida, nemleg truesinnhaldet, det læremessige, dogmene.

3.

Det er det tredje. Valen var som kristenmenneske kresen og kritisk og krevjande i møtet med teologi og forkynning. Og dette er ei side ved han som vil undra mange. Ein har nemleg biletet av den varsame, sky, elskelege og fredsæle Valen som ingen ville mistenka for å støyta andre med kritikk og dom. Men som kristen var Valen myndig og medveten. Han visste *kva* han trudde og han visste *kven* han trudde på!

Frå kristent hald let han seg difor korkje i skrift eller tale by kva som helst. Dette kjem klårt fram i 1930-åra i brev han skreiv både til Sigrid og til nevøen Olav Valen-Sendstad. Først til Sigrid i mars -35. Oxford-rørsla er nett komen, og Valen har vore på gudsteneste i Oxfordrørsla. Men det han der opplevde, skriv han,

kunde ikke overbevise mig om at de bekjendte Kristus som frelser for syndere. □□
 Jesu navn blev ikke nævnt av en av dem. – Jeg har ikke ville skrive om det før, men jeg gik hjem dypt skuffet. – Jeg hører mange andre som er av samme opfatning. –
 Men jeg vil ikke dømme den enkelte, der er vist mange opriktige blandt dem. –

Her var han altså som kristenmenneske på vakt mot det han sjølv i eit tidligare brev til Sigrid kalte “utvannet kristendom”. Difor gleder han seg inderleg over nevøen Olav Valen-Sendstad, prest og forfattar, som både i skrift og i tale forkynner med bibelsk marg og substans slik at skiljet mellom kristendom og religiøsitet vert drege skarpt. Det set Valen stor pris på. Og det viktigaste av alt han fann hjå nevøen Olav, var at han gjer “*Jesu skikkelse og verk så uendelig stort.*” (I brev til Sigrid november 1936.) Nå har Olav skrive ei ny bok og får brev frå onkel Fartein:

Vi har ønsket og bedt til Gud om: at det endelig ogsaa i vaar tid maatte komme et verk som forkynner det gamle evige evangelium uten avkortelse og uten formindskelse og det paa en maate som gjør at de gamle sandheter kommer i nytt lys. Hvor ofte, naar man læser de store religiøse modeforfattere nu for tiden, blir man ikke sittende igjen med en forunderlig indsnævret følelse. Frelseren forsvinder for en, hans verk kommer mere og mere bort for en, og man sitter mere beklemt ved slutten av læsningen end før man begyndte. Mens naar man læser de gamle teologer utvides hjertet av en uendelig taknemmelighet, og Frelserens gjerning blir saa ufattelig stor, at man kan næsten ikke tro at det kan være sandt, og dog vidner Aanden i ens hjerte at det virkelig er sandt. Man læser saa meget nu fortiden som ofte er saa udmerket godt og sandt og rigtig – man kan ikke sige en stavelse imot det, men man føler at det er noe som mangler – hovedsaken.

Det menneskelige blir saa umaadelig stort og viktig, og det Jesus har gjort for oss træder i bakgrunden, hvis det ikke helt forties.

Der har du den kresne, den kritiske og krevjande Valen.

Eg synes forresten det er litt underleg og uventa at Valen så heilt sluttar seg til nevøen Olav Valen-Sendstads språkbruk. For Valen-Sendstad var ikkje berre ein vanleg prest og forfattar, men også ein polemikar av krassaste type. Han rykte ikkje berre ut mot det me kallar liberal teologi, men han kryssa og heftig klinge med professor Ole Hallesby, og bortimot slakta ein teologisk gigant som Karl Barth. I sine polemiske utfall kunne han vera så krass at dei fleste innanfor kyrkja distanserte seg frå han. Han vart heller einsam.

Onkel Fartein var også klår over nevøens voldsomme utbrot. Men likevel overtok han forbausande motforestillingslaust nevøens språkbruk i saka. Han skriv til Sigrid at han nå har fått “*et endnu mere forførende indtryk av hvilken dæmon-skikkelse Barth er*”. Utruleg til å vera Fartein Valen! Fullt så sterke ord brukar han ikkje om Hallesby, men det gjer han vondt at “*ogsaa Hallesby er en av dem som beklipper evangeliet*”. (Brev til Olav Valen-Sendstad i juni - 36.)

4.

Om Valen altså kunne vera kritisk andsynes kyrkja og klår i sine krav og forventningar til det som kom derifrå, så var han likevel heile livet, og det er det *fjerde*, han var lojal mot og glad i kyrkja og hennar *gudsteneste*.

Olav Gurvin fortel i sin Valen-biografi at Valen var ein sær s flittig kyrkjegjengar:

I Oslo gikk han regelmessig i kirke hver søndag, til dels både til høymesse og til aftensang, for på helligdager skulle alt arbeid hvile. .□□Nå er det jo slik at prekener kan være både gode og dårlige. Valen satte nok stor pris på en god preken, men det gjorde ham heller ikke så mye om den var skral. Forfatteren var en gang sammen med ham ved en gudstjeneste i Oslo, og prekenen var ikke av de beste hverken med hensyn til innhold eller fremførelse. På hjemveien sa forfatteren til ham: ‘Prekenen var vel en skuffelse for Dem.’ Da stanset Valen og så på den annen: ‘Det er noe som heter de helliges samfund. For meg betyr det mest å oppleve gudstjenesten.’

Denne heimstadkjensle i Guds hus gav Valen liknande uttrykk for i eit brev som han i mars -37 skreiv frå Oslo heim til Sigrid:

Jeg takker Gud for at vi får komme i kirken og høre hans ord. Selv om det ikke alltid er saa fuldtonende evangelisk som vi kunde ønske, saa har vi da den storartede liturgi med de gamle bønner, vaare kjernesalmer og Guds naademidler. Det kom saan for mig, at det kanskje en gang vil bli tatt fra oss. Maatte Gud forbyde det.

Ut frå det som her er sagt, og det eg tidlegare har drege fram, kan me trygt seia at Valen var ein lojal og takksam medlem av kyrkja vår. Men samstundes var han, med omsyn til det læremessige, konservativ og på linje med pietistisk norsk *bedehustradisjon*. Og her er eg ved det *femte*.

5.

Eg kunne vera freista til å kalla han ein *kulturopen pietist*. Kanskje sume reagerer på bruken av ordet “pietist” om Valen, han som levde med så brei kontaktflate ut mot kulturen: dikting, målarkunst. Dersom ein reagerer på denne bruken av ordet pietist, så trur eg det delvis heng saman med myten om at pietisme automatisk er gledesfattig og kulturfornektande trongsyn. Men det finst myldrande mange døme på at eit pietistisk grunnsyn lukkeleg kan sameinast med frodig og glad menneskelegdom og med sans for, og aktiv deltaking i, eit rikt register av kulturaktivitetar. Eg vil gjerne få lov til å ta Fartein Valen som eit herleg døme på denne sameining av fast ståstad og vid horisont. Fast evangelisk ståstad og vid kulturhorisont. Samstundes vil eg gjerne sjå Valen som eit forfriskande døme på at eit spenstig intellekt ikkje er til hinder for barnleg, enkel kristentru. Også her er der myter ute og går, myter som kristenmennesket Fartein Valen skal få vera ein levande protest mot. Sjølv hadde han ein utprega analytisk intelligens, han ville til botns i sakene. Ein skulle kanskje tru at dette ville leggja alvorlege hindringar i vegen for kristen erkjenning. Det gjorde det då også. Valen hadde trøbbel med å tru, det fekk me høyra i brevet skreiv til sin kvinnelege elev. Me hugsar at han der nemner Jesu lidning og død, altså det punktet i trua som for mange er det mest opprørande. Og så seier han: *“det er ingen ting som det er vanskeligere at snakke om fordi alt i en: fornuften, rettsfølelsen o.s.v. gjør oprør”*. Av dette går det tydeleg fram at trua heller ikkje for Valen var ei fot-i-hose-glatt og billeg sak. Men desto meir dyrekjøpt og grunnfest vart trua.

Utsagnet finn me som nemnt i eit *sjelesørgjar*-brev Valen skreiv til ein elev. Denne sida ved kristenmennesket Fartein Valen fortener å takast med. Og det er det sjette trekk ved han.

6.

Han var ein som kjende seg truesforplikta til å vedkjenna seg si tru, vera *eit vitne om Kristus og om trua*. Som menneske var han sky og tilbakehaldande, noko som vart forsterka gjennom motgangen og mobbinga han var utsett for. Difor fann han det ofte vanskeleg å koma på talefot med andre, ikkje minst om åndelege spørsmål. Han var livredd for å trengja seg inn på folk. Men han hadde sjeleomsorg for andre og kjende seg forplikta til å vera eit vitne, når høve baud seg. Han gjorde såvisst ikkje sin kristendom til ei privatsak, noko som kjem til nesten rørende uttrykk i eit brev til Sigrid. Han fortel om eleven sin for å mobilisera Sigrid til å vera med og be og arbeida i sams sak. Og så skriv han, først i januar -36:

Senere da hun skulde gaa, gav jeg hende pakken [ei gåve], og da hun aapnet den og saa at det var et testamente, graat den fine elegante verdensdame. – Jeg sa ikke noe, men jeg bad Gud sende sin Hellige Aand og velsigne ordet for henne. – Ofte har jeg faat saanne anføktelser fordi jeg ikke har talt med mine elever, men jeg haaber det skal bli bedre nu.

Eit og eit halvt år etterpå får Sigrid ein ny rapport om korleis sjelesørgjaren Valen har det med sin elev, mai -37:

For et par dager siden var jeg saa sterkt mindet om at skrive til N.N. aapent og uten forbehold om frelsens vei, da jeg har hatt saa ondt i samvittigheten fordi jeg

ikke har talt rett ut med henne. Jeg blev saa motløs senere, da jeg synes jeg hadde faatt gjort det saa daarlig; men saa tenkte jeg at det er Guds Aands velsignelse det allikevel staa paa, og da kan han bruke det usleste vidnesbyrd. Maatte Gud bare velsigne sitt ord for henne; hun er et ærlig søkende menneske.

Eit par månader seinare, i juli -37, skriv Fartein Valen eit nytt brev som så fint vitnar om hans varme omsorg. Denne gong er det ein annan elev som får brev, nemleg Bjarne Larsen, militærmusikaren, han som fekk seg tileigna *Fiolinkonserten*. Nå får han oppmuntrande trøystarord frå sin lærar i samband med at mor hans nett er død:

Jeg ber Gud, at han vil styrke Dem og være med Dem, naar De føler ensomheten sterkest. Jeg er saa glad for at jeg fikk anledning til at treffe Deres mor. Det er ingen talemaader naar jeg siger, at jeg har truffet faa mennesker som var saa fylt av Jesus som henne. Hvor glædelig det var for mig at faa likesom en sidste hilsen gjennom Dem fra henne. .□□Jeg blev saa rørt, da jeg leste den første salmen til begravelsen: "Det er en liten tid, saa har jeg vunnet." Jeg tror næsten det er min yndlingssalme, og hvor mange ganger har jeg ikke sagt den for mig selv i høst.

Me let denne hjartevarme helsinga vera det siste vitnemål Valen får gi oss ved dette høvet.

Eg har med vilje late Fartein Valen sjølv koma rikeleg til orde gjennom breva sine. Det er berre eit lite utval eg har teke med, men det me har høyrte, skulle overtøydande klårt bera bod om at her talar ikkje ein edel representant for allverdsens religiøse særtingar, men ein som med trua si dyrekjøpte og slitesterke tillit hadde si åndelege livskjelda i Bibelen.

Me kan saktens også markera at han høyrde heime i den kyrkjelege og teologiske tradisjon der dei las Arndts *Den Sande Kristendom*, Scrivers *Sjæleskat*, Gossners *Skatkiste* og Rosenius sine skrifter. Dessutan at Brorson var hans kjæraste salmediktar. Dei rette fagfolk vil sikkert kunne plassere han, slik som det også vert gjort under seminaret her, inn i interessante kulturhistoriske og subtile kunstfilosofiske samanhengar, og kanskje han høyrer heime i dei alle.

Men me ville krenka Fartein Valens minne om me ikkje plasserte han der han aller mest hjarteleg høyrde heime, nemleg i Jesu kyrkje av frelste syndarar. Der utfalda han seg som kunstnar og som menneske, både i dei mange år med bitter motgang, og seinare, då han som eit einfaldig barn kunne gleda seg over anerkjenninga som kom med stadfesting og forløyning. Under alle omsiftingar kunne kristenmennesket Fartein Valen med åndeleg fatning og trygg forvissing gjera Lina Sandells enkle ord til sine:

Verdens ugunst eller bifall
gjelder siden intet mer,
Kristi ære blir det ene
hvorpå troen alltid ser.